

# OVERORDNA RETNINGSLINJE FOR HELSEFØRETAKA I HELSE VEST

Reglement for overføring av rettar til arbeidsresultat frå arbeidstakar til arbeidsgjevar





# FORORD

Helseføretaka i Helse Vest RHF skal vere leiande innan forskning, innovasjon og utdanning. Helse Vest RHF har eit samfunnsansvar for at resultat frå vår verksemd skal kome til nytte i samfunns- og næringslivet og bidra til ei bærekraftig utvikling.

Utvikling av helsetenestene er avhengig av både spissa, høg teknologisk forskning og nyvinningar i daglig innovasjon og kvalitetsforbetring. Nyskaping og utvikling av tenestene krev kompetanse innan utvikling, innovasjon og forskingsmetodikk. Spesialisthelsetenesta skal leggje vekt på pasientretta, klinisk forskning for å utvikle ny diagnostikk og behandling. Forskinga skal også vise nytte og kostnader for ulike behandlingsmetodar og vere til hjelp i prioriteringar. Helsetenesteforskning er sentralt for å undersøke effekt av endring i måten det vert arbeida på.

I helsenæringsmeldinga (Meld. St. 18 2018-2019) peikar regjeringa på at det er eit potensial for auka kommersialisering av medisinsk og helsefaglig forskning og idear frå helse- og omsorgssektoren. Næringsutvikling innan helse og omsorg er ein tydeleg stadfesta ambisjon i HelseOmsorg21-strategien. Klare og tydelege retningslinjer for overgang av rettigheter frå tilsette til arbeidsgjevar vil vere viktig for å nå desse ambisjonane. Allereie i Helse Vest sin innovasjonsstrategi (2016/2020) vart behovet for å revidere retningslinjene peika på som eit tiltak for å stimulere til kommersialisering og næringsutvikling.

På bakgrunn av arbeid i ei regional arbeidsgruppe om innovasjon i Helse Vest i 2019/2020, kom det fram at eksisterande retningslinjer frå 2005 er for knappe og til dels misvisande, og lite egna til å skape ein einsarta praksis i føretaka.

Helse Vest RHF satt hausten 2020 i gang eit arbeid med mål om å erstatte gjeldande retningslinjer. Direktørmøtet i Helse Vest gav i 23. juni 2022 sin tilslutnad til dei nye overordna retningslinjene som var utarbeida av prosjektgruppa.

Overordna retningslinje for Helse Vest RHF er i dette dokumentet tilpassa fullmaktstrukturen i Helse Førde HF.

# Innhald

1.	Innleiing og føremål	5
2.	Omgrepsliste	5
3.	Kven er omfatta av reglementet?	6
3.1	Rettsleg grunnlag for overgang av rettigheiter	6
3.2	Tilsette	6
3.3	Tilsette med bistillingar/bierverv	6
3.4	Studentar	6
3.5	Eksternt samarbeid	7
4.	Om handtering av rettigheiter til dei ulike resultatata	7
4.1	Innleiing	7
4.2	Nærare om handtering av rettigheiter til dei ulike resultatata	7
4.2.1	Patenterbare oppfinningar	7
4.2.2	Ikkje-patenterbare oppfinningar	8
4.2.3	Særleg om opphavsrett til åndsverk	8
4.2.4	Datamaskinprogram (Programvare)	8
4.2.5	Databasar	8
4.2.6	Fysiske gjenstandar og materiale	9
4.2.7	Administrative arbeid	9
5.	Kommersialisering av arbeidsresultat	9
5.1	Meldeplikt	9
5.2	Særleg om kommersialiseringseiningane og prosjekthandtering	10
5.3	Forskingspublisering	10
5.4	Særleg om tilhøvet til eksterne partar	11
5.5	Godtgjering av den tilsette og fordeling av nettoinntekter frå kommersialisering	11
5.6	Tilbakeføring av rettigheiter til den tilsette	11
5.7	Usemje om rettigheiter eller fordeling av inntekt	12

# Bakgrunn

Dette dokumentet skildrar korleis ein i Helse Vest forvaltar immaterielle rettigheter i føretaksgruppa. Reglementet omtalar personkretsen og kva type arbeidsresultat som er omfatta og gir retningslinjer for den praktiske gjennomføringa ved forvaltning av føretaksgruppa sine immaterielle rettar.

Immaterielle rettar oppstår ved sjølvstendig skapande innsats, det vil seie at helseføretaka ikkje kan generere immaterielle rettar. Det er dei tilsette og andre personar som er tilknytt helseføretaka som på ulike måtar skapar immaterielle rettar og verdiar i eit arbeidsmiljø med rammer frå arbeidsgjevar. Helseføretaka har i ulik grad krav til å få desse rettane overført til seg, ut i frå kva type immateriell rett det gjeld og korleis desse er regulert i lova og i dette reglementet.

Tilsette skal melde inn arbeidsresultat som har samfunnsnyttig potensial eller kan vere aktuell å utnytte kommersielt.



# 1. Innleiing og føremål

Føremålet med dette reglementet er å klargjere kva rett helseføretaket har til å bruke og eller utnytte forskings- og arbeidsresultat generert av dei tilsette.

## 2. Omgrepsliste

Data: Ein kvar representasjon av opplysningar, informasjon, meiningar og liknande. Dette kan bestå av tekst, kombinasjonar av tall, mønster eller bokstaver med meir.

DOFI (Disclosure of Invention/Innovation): Skjema som tilsette i verksemdene i helseføretaksgruppa skal bruke for å melde frå om ein kommersialiserbar idé til arbeidsgjevar. Skjemaet skal innehalde ei nærare beskriving av ideen og kven som har rettigheter til ideen.

Fysiske gjenstandar: Eit kvart materielt produkt (organisk, uorganisk og biologisk materiale), inklusive substansar, organismar og materialar.

Gjestestudent: Person som er registrert som student ved ein (anna) utdanningsinstitusjon og som etter avtale tek del i forskning og/eller undervisning ved helseføretaket.

Idéhavar(ar): Den eller dei fysiske personane som skaper eit resultat som omfattast av reglementet.

Idémottaket: Nasjonal database for å melde inn idear til forbetringar og utvikling av helsetenester.

Ikkje-patenterbare oppfinningar: Ikkje-patenterbar teknologi, oppfinningar og alle andre løysingar og idear, prinsipp, knowhow, inkludert til dømes forretningsløyndomar, teknisk, vitskapleg og merkantil informasjon og forretningskonsept som kan kommersialiserast og har samfunnsnyttig potensiale.

Immaterielle rettar: Samlenemning for rettar til mellom anna patent-, opphavs- varemerke- og designretten, retten til føretaksnamn, forretningshemmelegheiter. Det gir innehavaren eineret til å nytte det som er beskytta, til dømes ei oppfinning.

Immaterielle verdiar: Verdiar knytt til immaterielle rettar.

Oppdragstakar: Fysisk eller juridisk person som etter avtale utfører arbeid eller yter tenester til verksemdene i føretaksgruppa etter kontrakt.

Resultat: Alle resultat som er skapt eller oppnådd i samband med tilsette sine aktivitetar i verksemda, inklusive immaterielle rettigheter, uavhengig av om resultatata har fått eller kan få vern av lovgiving.

Tilsett: Fysisk person som har inngått arbeidsavtale med ei av verksemdene i føretaksgruppa.

Tredjepart: Fysisk eller juridisk person som ikkje er arbeidstakar, oppdragstakar eller arbeidsgjevar etter retningslinjene.

TTO (Technology Transfer Office): Teknologioverføringskontor er nemninga på einingar som er etablert for å forvalte immaterielle rettigheter og verdiar gjennom innovasjons

kommersialiseringsaktivitetar på vegne av eigarane. I Noreg er desse gjerne etablerte som sjølvstendige aksjeselskap med mellom anna universitet, høgskular og helseføretak som aksjonærar. Helse Førde nyttar Kunnskapsparken Vestland til slike typar aktivitetar.

## 3. Kven er omfatta av reglementet?

### 3.1 Rettsleg grunnlag for overgang av rettigheter

Den som skaper eit forskings- og eller arbeidsresultat, har i utgangspunktet rettighetene til dette med mindre anna følger av lov, avtale eller dette reglementet. Dette reglementet regulerer i kva tilfelle Helse Førde HF som arbeidsgjevar, har rettigheter til slike forskings- og arbeidsresultat.

Der helseføretaket har slike rettigheter, skal det sikre at resultatet vert nytta til beste for samfunnet. Dette kan vere gjennom kommersiell utnytting, forbetring av helsetenester eller ved at det vert gjort allment tilgjengelig, der dette er mulig.

### 3.2 Tilsette

Reglementet gjeld for alle tilsette i alle stillingar, og i alle stillingsbrøkar også for sjølvstendige oppdragstakarar.

Dersom ein tilsett har fleire arbeidsgjevarar, må arbeidsgjevarane verte einige om korleis deira rettigheter skal delast mellom dei.

### 3.3 Tilsette med bistillingar/bierverv

I tilfelle der ein tilsett i helseføretaket har andre arbeidsgjevarar, skal den tilsette melde frå om dette, sjå elles føretaket sitt reglement om bierverv.

For tilsette i kombinerte stillingar er utgangspunktet at helseføretaket og biarbeidsgjevar deler forholdmessig dvs etter stillingsbrøk når det gjeld både økonomisk ansvar og rett til økonomisk gevinst.

Arbeidsgjevarane bør på førehand vere einige om reglar for eigarskap til resultat ved kombinerte tilsetjingar. Dersom ein ikkje har hatt rettighetsregulering forut for at resultat oppsto og resultata etter forholda tilhøyrer begge arbeidsgjevarar i fellesskap, skal det skrivast under på avtale mellom partane der vidare kommersialiseringsansvar og eventuell overdraging av rettane til ein av partane mot kompensasjon skal regulerast.

### 3.4 Studentar

Hovudregelen er at alle Resultat, IP, Data og Fysisk materiale som vert generert av gjestestudentar ved helseføretaket, har den enkelte gjestestudent eigedomsrett til, og den enkelte gjestestudent disponerer fritt over resultata. Der er nokre unntak frå hovudregelen for følgjande:

- data og databaser som inneheld personopplysningar, og som er regulert av personopplysningslovgivinga.
- studentar som er tilsett ved ei verksemd, til dømes i prosjektstilling eller som vitskapeleg assistent og som har arbeidsavtale som andre tilsette, så vidt arbeidsresultatet har samanheng med oppgåver som ligg til stillinga.



- der eigedomsretten er overført til verksemda etter avtale mellom partane.
- der eigedomsretten er overført til andre, (til dømes verksemder) etter avtale mellom partane

Helseføretaket skal i alle tilfelle ha vederlagsfri brukslisens til Resultatet, IP, Data og Fysisk materiale skapt av gjestestudentane, og kan bruke desse til undervisnings-, forskingsføremål og utvikling av verksemda.

### 3.5 Eksternt samarbeid

Dersom Helse Førde HF inngår avtalar med tredjepart om forskingssamarbeid eller forskingsfinansiering, herunder oppdragsverksemd, må tilsette som deltek i slike prosjekt rette seg etter eventuelle føringar for rettighetsfordelinga som kjem fram i slike avtaler, sjå elles punkt 3.3 om bierverv.

Med mindre anna er avtalt for det enkelte prosjekt, vil eigedomsretten til resultat som er skapt i oppdrag, tilhøyra oppdragsgivar. Ved oppdragsforskning skal helseføretaket sine rettar til å bruke resultatata til forskning, undervisning og publisering spesifiserast i oppdragsavtalen.

## 4. Om handtering av rettigheiter til dei ulike resultatata

### 4.1 Innleiing

Reglementet gjeld resultatata som har samanheng med arbeidstakaren sitt tilsetjingsforhold til helseføretaket.

I Helse Førde HF er utgangspunkt at det er dei tilsette og andre personar tilknytt helseføretaket som skaper forskings- og arbeidsresultat, og at helseføretaket i ulik grad vil ha krav på å få eigarskapsrettigheiter til slike resultat. Dette vil avhenge av kva type immaterielle verdiar det gjeld, og korleis dette er regulert. Nedanfor gir vi ei meir detaljert skildring av handteringa av rettigheiter til dei ulike resultatata som vert skapt ved helseføretaket.

### 4.2 Nærare om handtering av rettigheiter til dei ulike resultatata

#### 4.2.1 Patenterbare oppfinningar

Patenterbare oppfinningar er ei konkret løysing på eit teknisk problem som er ny samanlikna med kva som var kjent før patentsøknaden vart levert inn, og som dessutan skil seg vesentleg frå dette (har oppfinningshøgde), jf. patentlova.

Lova om arbeidstakaroppfinningar, jfr § 4 seier at arbeidsgjevar kan krevje retten til ei oppfinning som arbeidstakar har gjort i samband med tilsettinga, anten oppfinninga skjer i samband med forskning eller andre høve i samband med tilsettinga i verksemda. I tilfelle arbeidsgjevar ønskjer å nytte denne retten gjeld frist for å inngå slik avtale, sjå lova § 4, 2. ledd,

Tilsette som vurderer at dei har patenterbare oppfinningar skal «uten unødig opphold» melde oppfinninga til nivå 2 leiar og Seksjon for forskning – og innovasjon (FOI). FOI melder deretter inn oppfinninga til Kunnskapsparken Vestland (KPV).

Etter at ideen er meldt vidare til KPV, skal FOI få tilbakemelding frå KPV så snart som mogleg, og ikkje seinare enn ein (1) månad etter innmeldinga. Tilbakemeldinga skal gje ei foreløpig avklaring på vidare prosess. FOI orienterer då også idehavar om tilbakemeldingane frå KPV.

Dersom arbeidsgjevar i samsvar med lova gjer gjeldande retten til ei oppfinning, må arbeidstakar medverke til overdraginga ved å skrive under på ein avtale og/eller ei erklæring.

Etter at patentsøknad er innlevert står arbeidstakaren fritt til å offentleggjere oppfinninga, for eksempel som føredrag eller som del av faglitterær publikasjon.

#### 4.2.2 Ikkje-patenterbare oppfinningar

Arbeidsgjevar kan heilt eller delvis krevje rettigheter til slike immaterielle rettar. Meldeplikt i form av DOFI gjeld også ikkje-patenterbare oppfinningar. Vidare prosess som skildra ovanfor vil også gjelde for ikkje-patenterbare oppfinningar. Spørsmålet knytt til overtaking av eigarskap til slike resultat og på kva måte desse skal forvaltast, må vurderast og avklarast nærare i det enkelte tilfelle.

#### 4.2.3 Særleg om opphavsrett til åndsverk

Den som skaper eit åndsverk, har opphavsrett til verket, og skal nemnast som opphavar, jfr åndsverkloven § 2.

Helseføretaket har etter arbeidsavtalen og etter dette reglementet rett til å disponere over retten til å utnytte åndsverk, databaser, ”katalogar” og datamaskinprogrammer som er skapt av tilsette under utføringa av oppgåver for helseføretaket eller etter instruks frå helseføretaket eller på anna måte spring ut av tilsetning, tilknytning til eller opphald ved helseføretaket.

#### 4.2.4 Datamaskinprogram (Programvare)

Helseføretaket har rett til datamaskinprogram som er utarbeidd av den tilsette, gjennom oppgåvene som er omfatta av arbeidsforholdet eller etter helseføretaket sine instruksar, jf. åndsverklova § 71. Dataprogram som har eit kommersielt og/eller samfunnsnyttig potensial eller har tilknytning til ei oppfinning eller anna teknisk løysing, produkt eller framgangsmåte, skal meldast til helseføretaket ved bruk av DOFI.

Dersom dataprogrammet er ei oppfinning som kan patenterast er det vesentleg at ikkje noko av løysinga eller programmet blir offentleggjort før patentsøknad er innsendt og registrert, då offentleggjering øydelegg moglegheita for patentering.

Dersom helseføretaket overtek rettigheter til oppfinning eller know-how som vert implementert ved hjelp av dataprogram, skal også opphavsretten til dataprogrammet (kjeldekoden) gå over til helseføretaket, i den utstrekning det er nødvendig for utnytting av oppfinninga eller know-how. Slik overgang er ikkje til hinder for at helseføretaket, i samråd med opphavar, vel å offentleggjere kjeldekoden etter at ein patentsøknad er innlevert.

#### 4.2.5 Databasar

Helseføretaket har rettighetene til katalogar og databasar som er blitt til ved at helseføretaket har gjort ei vesentleg investering, jfr. åndsverklova §24. Dette inneber einerett til bruk i form av kopiering, arkivering, endring, offentleggjering eller kommersialisering. Utøving av eineretten skal ikkje komme i konflikt med prinsippet om akademisk fridom eller vere til

hinder for at katalogar og databasar kan gjerast offentleg tilgjengelege eller på annan måte stillast til rådighet for forskingsføremål.

For andre katalogar og databasar tilhøyrrer eineretten den tilsette som utarbeidde desse, med mindre:

- helseføretaket har bedt ein tilsett spesielt om å lage katalogen eller databasen - helseføretaket har inngått ein avtale med tredjeperson om eit bestillingsverk - anna er avtalt.

Databasar kan vere bygd opp på ein slik måte at tredjepart kan ha rettigheter til delelement av innhaldet i databasen. For at helseføretaket skal kunne gjere bruk av databasen for næringsmessige føremål er det viktig at helseføretaket sikrar seg rettighetene til bruk av slike delelement gjennom avtalar med dei tilsette og eventuelle eksterne tredjepartar.

Ein tilsett som ser eit kommersielt potensial i en database, som sjølv vurderer kommersiell utnytting av ein database, eller som har tatt skritt til slik kommersialisering, skal melde dette til arbeidsgivar. I dei tilfella der helseføretaket ikkje ønskjer å søke næringsmessig utnytting av ein database, vil helseføretaket vurdere å gje andre rett til å gjere dette.

#### 4.2.6 Fysiske gjenstandar og materiale

Rettigheter til fysiske gjenstandar og materiale skil seg frå dei andre rettighetene det er tale om ettersom det er tale om eigedomsrett til eit materielt produkt. Fysiske gjenstandar og materiale som er blitt til, eller er resultat av, arbeid som er utført i verksemdene i helseføretaket er arbeidsgjevars eigedom så langt dette ikkje kjem i konflikt med tredjepart sine rettigheter.

Ein tilsett som vurderer kommersiell utnytting av fysiske gjenstandar eller har tatt skritt mot slik kommersialisering, skal melde dette til nivå 2 leiar og Seksjon for forskning – og innovasjon.

#### 4.2.7 Administrative arbeid

Helseføretaket har alle rettigheter til administrative arbeid som utgreiingar, høyringsuttaler og anna.

## 5. Kommersialisering av arbeidsresultat

### 5.1 Meldeplikt

Den tilsette har meldeplikt til arbeidsgjevar i alle tilfelle der arbeidsresultatet utgjer eller kan brukast i ei oppfinning, eller der eit arbeidsresultat har eit kommersielt og samfunnsnyttig potensial. Dette kan være arbeidsresultat i form av:

- Patenterbar oppfinning
- Ikkje-patenterbare oppfinningar
- Dataprogram
- Katalogar og databasar
- Fysisk materiale

Melding skjer i form av innlevering av ein DOFI – Disclosure of Invention. DOFI-skjema vert fylt ut av den tilsette og sendt til Seksjon for forskning- og innovasjon og nivå 2 leiar. DOFI-

skjema skal nemne alle personar som har ytt eit sjølvstendig og individuelt intellektuelt bidrag til i oppfinninga og skal signerast av alle oppfinnarane.

Dersom ei oppfinning har blitt til ved samarbeid med personar som ikkje er tilsett ved helseføretaket, skal det utarbeidast avtale som viser innsatsfordelinga til kvar oppfinnar i prosent. Dette skal dokumenterast i DOFI-skjema.

## 5.2 Særleg om kommersialiseringseiningane og prosjekthandtering

Helseføretaka har samarbeid med kommersialiseringseiningane, dei såkalla TTOane som eit verktøy for forvaltning av eigarane sine Immaterielle rettar og Immaterielle verdiar, og er helseføretaket sitt støtteapparat for kommersialisering av idear og forskingsresultat som helseføretaka etter lov, dette reglementet eller avtale har eigedomsrett til. Dei aktuelle kommersialiseringseiningane skal på profesjonell måte vurdere det kommersielle grunnlag for alle idear, derunder også prosjekt og arbeidsresultat, og oppfinningar som vert meldt inn.

Ved forvaltning av helseføretaka sine Immaterielle rettar og Immaterielle verdiar er det kommersialiseringseiningane sitt ansvar å sørge for at avtalar er i tråd med helseføretaka sitt samfunnsansvar og for ei bærekraftig utvikling. Leveransane frå kommersialiseringseiningane til helseføretak og helseføretaka sine tilsette skal vere regulert gjennom avtale.

I dei tilfella DOFI vert sendt frå helseføretaket til kommersialiseringseininga, skal denne gjennomføre ei grundig vurdering av det kommersielle potensial til ideen, og innan 3 (tre) månader gi helseføretaket eit råd om helseføretaket bør overta kommersielle rettigheter. Denne fristen er sett slik at helseføretaket skal kunne gje den tilsette tilbakemelding innan 4 månader. Fristen går frå tidspunktet helseføretaket stadfester å ha motteke ferdig utfylt DOFI-skjema.

TTO og idehavar skal ha tett dialog gjennom evalueringsfasen. Dersom DOFI manglar informasjon eller dersom det grunna tilhøve på idehavar si side ikkje har vore tilstrekkeleg kontakt mellom kommersialiseringsaktør og idehavar, vil fristen kunne stoppast eller startast på nytt når tilstrekkeleg grunnlag for vurdering av ideen ligg føre.

Etter at kommersialiseringsaktør har sendt si tilråding til helseføretaket, skal helseføretaket avgjere om ein ønskjer å overta kommersielle rettigheter til oppfinninga. Der helseføretaket overtek slike rettar skal det inngås avtale mellom idehavar, helseføretak og den aktuelle kommersialiseringseininga.

## 5.3 Forskingspublisering

I helseføretaket, ønskjer vi at resultat frå forskning skal gjerast allment tilgjengeleg og at arbeidsresultat skal nyttast til beste for samfunnet.

I helseføretaket skal alle som har forskingsoppgåver, og som har komen fram til resultat som kan patenterast, jf. arbeidstakaroppfinningslova § 6 tredje ledd, stå fritt til å velje publisering framfor patentering. Føresetnaden er at forskaren/forskarane gir melding om dette til arbeidsgjevar, og ut over dette følgjer reglane for slik publisering i arbeidstakaroppfinningslova. Samstundes er det viktig at forskarar og støtteapparatet ved helseføretaket er merksame på dette når ein inngår avtalar med eksterne partar, f.eks. i

samband med utviklingsarbeid/oppdrag/kliniske forsøk, slik at retten til publisering ikkje vert lagt band på i avtale mellom partane.

#### 5.4 Særleg om tilhøvet til eksterne partar

Arbeidstakeroppfinningslova, dette reglementet og arbeidsavtalane med dei tilsette i Helse Førde HF gir grunnlag for at arbeidsgjevar kan overdra rett til resultat som er skapt som del av tilsettingsforholdet.

Arbeidsgjevarane bør på førehand vere einige om reglar for eigarskap til resultat ved kombinerte tilsetjingar. Dersom ein ikkje har hatt rettighetsregulering forut for at resultat oppsto og resultatata etter forholda tilhøyrrer begge arbeidsgjevarar i fellesskap, skal det skrivast under på avtale mellom partane der vidare kommersialiseringsansvar og eventuell overdraging av rettane til ein av partane mot kompensasjon skal regulerast. For tilsette i kombinerte stillingar er utgangspunktet at helseføretaket og biarbeidsgjevar deler i samsvar til faktisk innsats og eigarskap i prosjektet, og at denne fordelinga gjeld både økonomisk ansvar og rett til økonomisk gevinst.

#### 5.5 Godtgjering av den tilsette og deling av nettoinntekter frå kommersialisering

Den tilsette har rett til ein rimeleg del av nettoinntekta frå ei kommersialisering. Sal av bruks- og/eller eigeomsrett til immaterielle rettar og immaterielle verdiar skal skje til marknadsspris. Inntekt ved kommersialisering skal som hovudprinsipp delast etter tredelingsmodellen, der oppfinnar, det aktuelle fagmiljø og Helse Førde HF får tildelt 1/3 kvar. Inntekter fordelt til fagmiljø og helseføretaket skal brukast til å styrke forskning-, tenesteutvikling-, og innovasjonsaktivitetar.

Fordelinga av inntekt frå eit prosjekt skjer etter fråtrekk for eventuelle direkte kostnader helseføretaket og eller kommersialiseringsaktøren har hatt i samband med sikring av rettigheter og kommersialisering, heretter nemnd som nettoinntekt.

I einskilde tilfelle kan det inngås avtale om anna deling av inntekter, til dømes i tilfelle der rettigheter vert overdradd til eit anna rettssubjekt og arbeidstakaren får utbetalt ein avtalt kompensasjon på andre måtar.

Den tilsette har krav på innsyn i grunnlaget for berekninga av godtgjeringa.

Dersom den tilsette forsømmer plikta til å gi melding om arbeidsresultat til helseføretaket, og i staden utnyttar arbeidsresultatet sjølv eller gjennom andre, skal helseføretaket ha rett til 2/3 av dei nettoinntekter som direkte eller indirekte vert skapt gjennom kommersiell utnytting av arbeidsresultatet.

#### 5.6 Tilbakeføring av rettigheter til den tilsette

I dei tilfella der Helse Førde HF, etter å ha fått overdratt ei oppfinning eller anna arbeidsresultat, enten etter kontrakt eller etter lov, ikkje vil patentere eller på anna måte kommersialisere, eller ikkje finn kommersielt grunnlag for å føre eit prosjekt vidare, skal rettighetene førast tilbake til den tilsette innan rimeleg tid. Melding om tilbakeføringa skal vere skriftleg.

I slike tilfelle kan det gjerast avtale som skal regulere forholdet. Helseføretaket som fører tilbake rettane kan sikre seg ein vederlagsfri rett til å bruke oppfinninga eller arbeidsresultatet

til interne føremål, i tillegg til rett til å vidarelisensiere slik bruksrett til andre ikkje-kommersielle samarbeidspartar.

Den tilsette har likevel ei plikt overfor helseføretaket å etterleve alle plikter som helseføretaket måtte ha overfor ekstern tredjepart som har finansiert prosjektet eller forskinga som leidde til oppfinninga.

Dersom den tilsette ikkje ønsker å overta rettighetene kan helseføretaket uansett avgjere å gi opp rettane, med den verknad at helseføretaket si plikt til å arbeide for kommersialisering av arbeidsresultata vert avslutta.

### 5.7 Usemje om rettigheter eller fordeling av inntekt

Dersom det oppstår tvil eller usemje mellom en tilsett og helseføretaket om eigeomsrett til arbeidsresultat eller om fordeling av nettoinntekter frå kommersialisering av forskingsresultat, skal saka meldast inn til nivå 2 leiar, med kopi til Seksjon for forskning – og innovasjon. I slike tilfelle skal alle interessentar få høve til å gjere greie for sitt syn på saka og på denne bakgrunn søke å komme fram til ei minneleg løysing.

Forhold som handlar om arbeidstakeroppfinningslova kan, dersom saka ikkje vert løyst mellom partane, takast vidare til Meklingsnemnda for arbeidstakeroppfinningar.

I alle tilfelle vil tvistar om rettigheter og inntektsfordeling også kunne bringast inn for domstolane.

Dei sentrale grunnlaga for retningslinjene er gitt gjennom:

- [Lov om retten til oppfinningar som er gjort av arbeidstakere \(arbeidstakeroppfinningslova\)](#)
- [Lov om behandling av personopplysningar \(personopplysningslova\)](#)
- [Lov om opphavsrett til åndsverk mv. \(åndsverklova\)](#)
- [Lov om vern av forretningshemmeligheter](#)
- [Lov om patenter \(patentlova\)](#)
- Ansettelsesavtaler i Helse Vest
- [Ethiske retningslinjer i Helse Vest](#)
- [Retningslinjer for bierverv i Helse Førde HF](#)
- Politikk for Åpen Vitenskap

Helse Vest Postboks  
303 Forus  
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00 [helse-vest.no](http://helse-vest.no)

